

Informasjon ved ribbeinsbrot

Eit ribbeinsbrot kan oppstå etter eit direkte slag eller fall mot ribbene.

Ein forventar gjerne at smertene går raskt over av seg sjølve. Slik er det ikkje ved ribbeinsbrot. Her aukar gjerne smertene i løpet av dei første 7-12 dagane. Deretter begynner smertene å gi seg.

Svært mange oppsøker lege først etter ei vekes tid fordi dei ikkje er blitt bra, eller fordi dei er blitt verre.

Dei vanlegaste plagene ved ribbeinsbrot er smerte når ein hostar/nys/ler eller pustar djupt inn og ut. Dei fleste er også plaga om natta når dei snur seg i senga eller når dei skal stå opp om morgonen. Årsaka er at brot-endane bevegar seg mot kvarandre og gir smerter.

Når legen undersøker deg, er den viktigaste undersøkinga å lytte på lunge dine for å forsikre seg om at lungene ikkje er skada.

Vanlegvis er det ikkje nødvendig med røntgenbilete for å sjå etter ribbeinsbrot, då dette ikkje alltid vil vise på røntgen. Det vil heller ikkje få noko innverknad på behandlinga dersom ein ser brot på røntgen.

Dersom legen ikkje kan sjå bort i frå at det kan vere ein skade på lungene når vedkomande lyttar på deg, kan det vere aktuelt å ta røntgenbilete for å undersøke lungene.

Problemet med ribbeinsbrot er smertene. Behandlinga kan difor vere smertestillande medisinar slik at du til ein viss grad kan vere i normal aktivitet. Desse medisinane skriv legen ut.

Det er alltid vanskeleg å seie kor lang tid smertene vil vare. Men etter om lag 7-12 dagar begynner smertene å gi seg, og etter om lag 2-4 veker er dei fleste smertefrie.